

TURPROGRAM 2021



Fyresdal Turlag
Aust-Agder Turistforening





Velkommen på tur med Fyresdal Turlag.

Fast møteplass er ved Sparebanken Sør i sentrum. Tak med passende klede, mat, ski, hovudlykt, lommelykt og god turlust. Alle som er med går turen på eige ansvar. Atterhald om endringar i oppsette turar. Turar merke med * har bok på toppen. Følg oss på Facebook for aktuell informasjon om turane. Vi be dykk vera spesielt merksame på smittevernsregler med hensyn til korona.

Spørsmål, kontakt naturlos for turen eller Gunhild, tlf. 957 91 511 eller e-post gmomrak@gmail.com

Du kan også gå turar på eiga hand i Fyresdal og du finn alle våre turløyper på UT.no eller på appen SjekktUT.

Topptur på Harås 676 moh ved Skreevatn

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
20. april	Hauggrend, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 7	Gunnar Grunnvik	913 93 558

Vi parkerer før dammen i Skreevatn. Følgjer veg eit par km før vi går opp på dette flotte fjellet. Etter ein rast med fin utsikt går vi vidare framover og etter kvart bratt ned att til veg. Følgjer denne tilbake til Skreosen. Fin rundtur.

Topptur på Har(d)ås 739 moh i Hegglandsgrend

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
27. april	Hegglandsgrend, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 3	Ansgar Johre	482 66 350

Køyrrer inn Geitstadvegen til Tjønndalen. Fin stigning utpå dette fjellet med enorm utsikt sørover. Går forbi ein heller på veg oppover.

Rundtur i Bandakslisli

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
4. mai	Bandakslisli, Tokke	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 6	Arne Dag Lassemo	915 25 435

Parkerer ved bryggja i Bandakslisli. Går ein fin rundtur forbi desse plassane: Halvorsli, Askestøi og ned til Hagen der vi tek ein god stopp. Vidare til Knutsli og Gunnarsli og tilbake langs vatnet til Midtli og Stampekøi.

Rundtur frå Skreosen ned til Vråvatn og opp langs Rjukanfossen

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
11. mai	Kviteseid og Tokke, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	4 / 10	Gunnar Grunnvik	913 93 558

Ein lang fin rundtur med start ved dammen på Skreevatn. Går nord-austover inn forbi Åsheimgrend og ned til Vassendstøylen langs Vråvatn. Går forbi kraftstasjonen og oppover langs "Lisle- Rjukan". Ei stor oppleving om denne går vassfull! Tilbake ein litt annan veg, der vi ser tufter etter sagbruk m.m.

Vandretur frå Libru langs Lifjell til Bergland

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
17. mai	Kleivgrend, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 10.00	6 / 10	Gunhild Momrak	957 91 511

Flott vandretur frå bomkassa ved Libru og langs Bispevegen til Djupetjønn. Går oppover langs kanten til vi er oppe på Lifjell. Denne turen er ei stor oppleving og utsikten er flott dersom ein går ut langs kanten. Må utom den spesielle og flotte varden. Vi går ned til Bergland på ein bratt fin stig og passerer åkerreiner og tufter nedover dette varmekjære kulturlandskapet. Vi går også om det spesielle platået Åhåmmår før vi går stigen ned til Kleivi.

Topptur på Nape 889 moh*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
18. mai	Momraksgrend, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	4 / 6	Gunhild Momrak	957 91 511

Køyrrer inn til den gamle garden Nape Vestre og går mot toppen herifrå. Jamn stigning heilt opp. Bok å skrive i på toppen.

Topptur på Bindalsfjell 925 moh *

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
25. mai	Kilegrand, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	4 / 9	Gunhild Momrak	957 91 511

Parkerer ved Bindalstøylen og finn stigen opp langs svaberga. Passerer flotte berg og flotte, spesielle furuer på veggen opp mot toppen. Lett terreng å gå i. På veg ned att går vi om den spesielle steinbua, før vi går ned berga til utløpet av nedre Elgheitjønn. Kjem ned i enden av veggen ved Nussli og går ut att veggen til der vi har parkert.

Bergheia og Kvitflog

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
1. juni	Birtedalen, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 5	Grethe Lassemo	977 88 988

Parkering ved Søgard Kile. Går veggen opp mot Stemmetjønn, tek av på merka stig inn mot tjønnna og går bratt (kort) opp mot Kvitflog. Her er det flott utsikt over Birtevatn. Held ristene innover mot Bergheia, ned mot Askautmyrane og fylgjer stigen ut mot Fjellheimvegen, fylgjer denne tilbake til bilane.

Dagstur på Kilsnipa/Sandviksnipa 929 og Russfjell 977 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
6. juni	Austre Nape, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 10.00	5 / 10	Gunhild Momrak	957 91 511

Køyrrer inn forbi austre Nape og parkerer i lia ved Vidstøylyhytta. Fylgjer bratt fin slepe oppover mest heilt til toppen av lia og går på skrå bort til varden på Sandviksnipa. Etter ein liten stopp her, går vi svaberga oppover til toppen av Russfjell. Lett å gå her. Same veggen tilbake.

Topptur på Roan 1191 moh*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
8. juni	Hauggrend, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	4 / 8	Gunhild Momrak	957 91 511

Køyrer opp vegen mot Foldsæ og vidare om lag 5 km inn ein bomveg der ein må betale kr. 50,- pr. bil. Det er merka stig opp på dette flotte fjellet. På toppen finn vi eit oversiktskart som syner det ein kan sjå frå toppen. Same vegen ned att.

Rundtur til Hengeltjønn og Nasefjell 916 moh *

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
15. juni	Birtedalen, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	5 / 11	Grethe Lassemo	977 88 988

Set att bil ved Ljosdalstjønn der stigen til Nasefjell startar. Køyrer ned til vegkrysset i Løkjedalen og går inn den merka DNT- stigen til Hengeltjønnloftet. Lett og variert stig om lag 4 km. Greitt med ein stopp ved denne fine DNT- hytta. Stigen vidare går langs Neirigardsvegen mot sør-aust. Tek rett til v.på toppen av bakkane og går så bratt merka stig rett opp på Nasefjell. På eit punkt er ein taustige. Går den merka stigen tilbake til Ljosdalstjønn.

Topptur på Igletjønnuten 949 moh * og inn til Flågjæva

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
22. juni	Momraksheia, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 16.00	5 / 8	Gunhild Momrak	957 91 511

Parkerer i Basthommen på FV355 og fylgjer den bratte stigen opp svaberga til toppen. Herifrå fylgjer vi dei fine ristene/høgdedraga austover til hytta på Flågjæva. Dette er ein lett og fin tur der ein kan gå med jogglesko utan å bli våt. Reknar med at det blir litt servering der inne. Går ein kort vegg ned att .

Topptur på Hestekvævnuten 1160 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
29. juni	Grytheia, Nissedal	Bankplassen, Fyresdal kl. 16.00	6 / 13	Gunhild Momrak	957 91 511

Køyrer inn ein bomveg frå Hegglandsrend til endes av Rollevstadvatn. Fylgjer fin sti austover forbi Sveigstøylane og opp dei fine svaberga mot Ljostjønn. Det blir rektig snaufjell oppover i høgda og fint å gå. Toppen er ein av dei høgaste i Fyresdal.

Vandretur til Steinsvatn mot Gjødal

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
6. juli	Kilegrend, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	5 / 10	Helge Kiland	916 32 615

Vi køyrer inn vegen forbi Øyne Camping og tek opp veg til høgre etter Moen. Parkerer i enden av vegen og fylgjer merka stig oppover Namnfurudalen til Rondtjønn, forbi tufta på Mostøyl, går over kanten og ned til vakre Steinsvatn. Vi passerar også ein av dei aller siste stakksneisene i heia. Kaffipausa blir nede ved vatnet. Det er også fint å bade her. Same veg tilbake.

Vandretur frå Lie og opp på Størrfjøddrista 978 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
13. juli	Hauggrend, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	4 / 8	Ragnhild Lie Berge	958 54 208

Vi parkerer heilt oppe på Lie, heimplassen til Ragnhild. Fylgjer bratt slepe og stig opp til Berrstøylen om lag 200 høgdemeter. Etterpå går vi opp på den flotte Størrfjøddrista med ei flott utsikt spesielt sørover. Etter ei matpause på toppen, går vi ned til Stemtjønn der vi ser den gamle mura dammen. Ned att dei flotte berga langs elva ned att til Lie.

Malmvegen frå Bergland i Skafså til Bandakslí

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
20. juli	Austheii, Tokke	Bankplassen, Fyresdal kl. 16.00	6 / 12	Arne Dag Lassemo	915 25 435

Parkerer i forkant ein bil på Blikom før vi køyrer til Bergland i Skafså. Går igjennom gamle gardstun før vi fylgjer vegen over heia, der dei i si tid frakta malmen frå gruvene på Åmdals Verk. Vi går ned til Blikom og dei som vil kan gå den gamle vegen heilt ned til Bandakslí. Mykje kultur undervegs.

Topptur på Vikfjell 855 moh og ned til Homme

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
27. juli	Sentrum/Vikfjell, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	4 / 8	Gunhild Momrak	957 91 511

Dette er ein bratt flott rundtur med utgangspunkt i Vikbukta på vestkanten av Fyresvatn. Fylgjer fine sleper/stig opp til toppen som vart merka i fjor. Mot toppen er det fine berg å gå på og utsikten er enorm. Går ned på baksida til Gausvatn utan stig og sørover til vi ser ned i dalen til Jordal. Finn den gamle slepa ned til Homme i eit spesielt og bratt terreng med mykje varmekjær vegetasjon. Nede ved Homme ser vi mykje av bjorens arbeid med dammar og hus.

Topptur Grasstøyfjell 970 moh


Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
3. august	Sentrum/Sitje, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	5 / 8	Gunhild Momrak	957 91 511

Køyrer 4-5 km opp frå sentrum i vegen mot austre Nape. Går inn slepa til Stemtjønn og fylgjer fine høgdedrag opp til toppen. Må ned i eit skar før vi er heilt oppe. Vi ser om vi går via Vardalen ned att.

Topptur på Storfjell 808 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
10. august	Napevatn, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 8	Gunhild Momrak	957 91 511

Vi køyrer langs Napevatn og opp på andre sida av dammen. Går inn ved Grytestøyl langs fin stig. Etter kvart som vi går oppover møter oss flotte svafjell og særmerkte furuer. Terreng er bare heilt fantastisk. Vi passerer det høgste punktet før vi går ut til varden. Denne ligg heilt frampå kanten ovanfor Fjalestadgardane. Utsikt over heile Fjønemøane og mot Kyrkjebygda. Turen er flott også for ungar!



Topptur på Kviptefjell 903 moh*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
17. august	Birtedalen, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 6	Grethe Lassemø	977 88 988

Parkerer like før Kvipt Gjestegard og går ein fin rundtur herifrå. Bratt stigning før ein er oppe på toppane. Fantastisk utsikt herifrå og lett å gå bortover til varden med kasse med bok i. Bratt ned til botnen av Kvipteskar. Moglegheit for eit bad i Blakstjønn før vi går ned til Kvipt. Etterpå samling på Kvipt Gjestegard der vi får servera rjomegraut og spekemat. Gild avslutning på ein fin tur.

Brutjønn rundt

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
24. august	Birtedalen, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	5 / 8	Grethe Lassemø	977 88 988

Parkering ved Brutjønn sitt utløp 602 moh. Går på vestsida av Brutjønn, opp langs den flotte Langfoss til Ufstjønn. Over på austsida av Ufstjønn, opp ein dal til vi kjem opp på Staursfjell 770 moh. Derifrå ned att mot Roskoglia, held vest-over mot hyttefeltet på Gakkskil og kjem att ved bilane på Brutjønn. Dersom vassføringa er veldig stor må ein endre på denne turen.

Topptur på Tjønnefjell 1065 moh*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
31. august	Åslandsheia, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	4 / 7	Sven Lie	472 67 200

Køyrrer opp vegen til Åslandsgrend til parkering ved enden av vegen. Fylgjer både opp og ned den bratte stigen med ein fin rundtur ved Tjønnekvævtjønn. Toppen er over 1000 m høg, så vi er på snaufeltet.

Topptur på Jåmsfjell 936 moh*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
7. sept.	Birtedalen, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 16.00	4 / 6	Grethe Lassemø	977 88 988

Køyrrer til Birte i Birtedalen. Fylgjer den merka stigen til toppen. Same veg ned att.

Topptur på Søtdalsvarden 920 moh *

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
14. sept.	Sentrum/Sitje, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 8	Gunhild Momrak	957 91 511

Vi set ned bilen ved Kjeldemyra ovanfor Lie, bare 5 min køyring frå sentrum. Variert og fin natur oppover langs fin slepe/stig og fine tjønner. Vi kjem til eit flott utsiktspunkt før vi går seiste etappe til toppen

Vandretur til Krøne i Borggrend

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
21. sept.	Borggrend, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 4	Gunhild Momrak	957 91 511

Parkerer ved Borgen innerst i Borggrend og går bilvegen oppover til den gamle husmannsplassen Krøne. Her har det vore bustad sidan tidleg på 1800 talet og det er fine hus den dag i dag.

Topptur på Øynuten 522 moh*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
28. sept.	Kilegrend, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	2 / 3	Gunhild Momrak	957 91 511

Køyrer til Kilegrend og parkerer like før Øyne Camping. Den merka stigen er bratt og kort. Flott utsikt på toppen og bok å skrive i.

Topptur på Napen 889 moh*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
5. oktober	Momraksrend, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 6	Gunhild Momrak	957 91 511

Køyrer inn til den gamle garden Nape Vestre og går mot toppen herifrå. Jamn stiging heilt opp. Bok å skrive i.

Himmelkvævrstine og topptur på Gaukås 1048 moh *

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
9. oktober	Kleivgrend, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 10.00	6 / 12	Gunhild Momrak	957 91 511

Dagstur inn forbi Kleivgrend. Set ned ein bil ved Ulvsvatn og parkerer ved Nøs. Fylgjer Bispevegen inn til Hovstøyl om lag 1 times gange. Går bratt opp på Himmelkvævrstine og fylgjer desse flotte høgdedraga nokre km mot Gaukås. For dei som vil tek vi turen til Gaukås. Går deretter ned att austover forbi Gaukås- støylen og ned ein bratt stig i Gaukåsskaret.

Vandretur frå sentrum til Sitje, Undeberg, Sjø-Vadli og Nyli

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
12. okt.	Kleivgrend, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 3	Gunhild Momrak	957 91 511

Går frå sentrum opp bakkane til Sitje. Fylgjer vegen nordover forbi Nordgarden, Åmsberg, Underberg og ned ved sø-Vadli. Her er det fint med ei kaffipause. Fylgjer så vegen nedover og går sørover mot Nyli. Tilbake gjennom Kåsegrend.

Topptur på Geitnetten 776 moh*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
19. okt.	Sentrum, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 4,5	Arne Dag Lassemø	915 25 435

Køyrer opp Libakkane og parkerer anten ved Kjeldmyra eller på toppen av bilvegen. Fylgjer så den umerka tydelege stigen på framsida opp til toppen. Reknar med at vi lagar eit lite bål på heimturen.

Tur til Skoret/Skøri

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
26. okt.	Sentrum, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 3,5	Gunhild Momrak	957 91 511

Vi går opp den gamle, bratte og fine stigen opp omnen. Flott utsyn frå toppen. Fint å koke kaffi i røykstova oppe på denne flotte plassen. Her er det gamle kulturlandskapet opna opp og det går telemarkskyr på beite heile sommaren. Inne i bua ser vi flotte veggmåleri av Tomas Luraas.

Turkveld

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
2. nov.	Sentrum, Fyresdal	Sjå kommuneinfo, kl. 18.00	2 / 0	Ragnhild, Sven, Gunhild	958 54 208

Ein sosial og triveleg kveld der vi mimrar over turane vi har hatt i år og planlegg nye turar for 2022. Servering av kaffi og kake.

Topptur på Hegglandsnetten 697 moh*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
9. nov.	Hegglandsgrend, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 4	Arne Dag Lassemo	915 25 435

Køyrer opp i Geitstadbakkane og går opp bratt slepe til toppen av bakkane. Følgjer veg og seinare bratt stig mot toppen. Vi fyrar i bålpanna i gapahuken. Flott utsyn over heile sentrum. Bok å skrive i.

Topptur på Geitnetten 776 moh*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
16. nov.	Sentrum, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	3 / 3,5	Gunhild Momrak	957 91 511

Køyrer opp Libakkane og parkerer anten ved Kjeldmyra eller på toppen av bilvegen. Følgjer den umerka tydelege stigen på framsida opp til toppen. Reknar med at vi lagar eit lite bål på heimturen.

Vandretur i Hamaren Aktivitetspark

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
23. nov.	Sentrum, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	2 / 3	Gunhild Momrak	957 91 511

Går frå sentrum og går ein rundtur. Fyrar bål.

Vandretur i Hamaren Aktivitetspark

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
30. nov.	Sentrum, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	2 / 3	Gunhild Momrak	957 91 511

Går frå sentrum og går ein rundtur. Fyrar bål.

Vandretur i Hamaren Aktivitetspark

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
7. des.	Sentrum, Fyresdal	Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00	2 / 3	Gunhild Momrak	957 91 511

Går frå sentrum og går ein rundtur. Fyrar bål i grillhytta/utekjøkkenet som avslutning på turåret.





Fyresdal Turlag
Aust-Agder Turistforening



Kontaktperson: Gunhild Momrak
Mobil: 957 91 511
E-post: gmomrak@gmail.com

Alle foto: Grethe Lassemø